

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2006

- Julegrana
vert tendt
fre. 1. des.
kl. 1800
- Plastinn-
samling på
Fellesen
lør. 9. des.
- Då Gudrun
og Sverre
var hos
Kongen
- Mange gode
tilbud frå
butikkane
- Silo & Saft



Godt nytt år!



Hautfest i Svala 4H

Fredag 20. oktober hadde Svala 4H hautfest på Varhaug Skule. Blant dei 25 utstillarane var baking og matlagning dei mest populære emna, meir enn halvparten av oppgåvene handla om mat. På dei resterande prosjekta var fagfeltet svært vidt. Hesteutstyr, synåler, fotografi og endåtil ein liten motorcrossbane var å finna på utstillingsbordet.

Olav Mæland heldt festråle. Han fortalte om mange gilde minner og artige episodar saman med 4H medlemmer på kurs og leirer. Underholdninga

stod medlemmane for, og bestod av blant anna dans og mannekeng oppvisning.

Etter god varm mat, blei det utdeling av merker og gåver. Høgdepunktet for to av våre medlemmer var nok å få plaketten etter ni fullførte år i Svala 4H.

Plakettmottakarar 2006,
Ingrid Helen H. Aanestad og Gunn Årdal.



Nytt 4H år, nye sjanser!

Møt opp til Grautfest/juleverkstad mandag 11. desember på Varhaug ungdomsskule kl. 18.00. Både nye og tidlegare medlemmer er velkomne!

4H er for barn og unge i alderen 10 – 25 år. Dei som går i 4. klasse eller meir kan altså bli medlem hjå oss. Det blir ikkje stilt spesielle krav til å bli medlem, du kan meine og ha interesse for det meste.

Som 4H medlem må du løyse eit praktisk 4H-prosjekt i løpet av året. I gjennom prosjekta lærer du mykje nytt. Det er mange ulike prosjekt å velja i mellom, slik at alle skal kunne finne eit emne som passar. Du blir kanskje ikkje ekspert etter å ha løyst eit 4H-prosjekt, men 4H-ere lærer ved å gjera, og kan dermed bli flinkare til mange ting.

Det er 4H medlemmene sjølv som styrer klubben, og bestemmer kva dei ønskjer å gjera. Medlemmene vel også vaksne klubbbrådgjevarar og/eller foreldre representantar som kan vera med

på å gi råd og hjelp til styret og medlemmane i klubben. 4H tilbyr kurs i leiaropplæring og organisasjonsarbeid for både unge og vaksne.

Det er elles tilbod om både kurs og leirer. Aspirant leir for dei minste, og fylkes og lands- eller nordisk leir for dei eldste. Dei fleste som har vore på leir ein gong tykkjer leir livet er topp, og deltek år etter år.

På www.n4h.no kan du finne meir informasjon om 4H.

Det nye styret til Svala 4H for 2006/2007 er:

Leiar : Guri Bratland, tlf. 99 52 08 43

Nestleiar: Christine Sikveland

Sekretær: Ingfrid Viland

Kasserar: Helene Ånestad

Styremedlem: Karoline Vetrhus
Katrine Borsheim

Klubbbrådgjevarar: Brit Elisabeth Bratland, Ann Kristin Håland og Jon Lea.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bridgeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar

Jo Ånestad, bridgeklubben

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Sverre Varhaug, vennelaget Lerbrekk

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still
og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav ein
gløymleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein held fast
eit minne enn*

*der han står vakt om deira bein som
levde i vår grend "*



Korpset - nye aspiranter

Det er veldig bra at korpset får nye aspiranter. Denne høsten har det begynt 12 nye aspiranter, og de er fantastisk ivrige og flinke. Dette lover bra for framtiden.

Øverste bilde: Hallvard, Enevald og Linda

Nederste bilde: Elise, Sofie og Camilla



Frå landhandel/krambu til Mega og Sp



Då Varhaug handelslag var 50 år i 1958, vart det laga eit jubileumsskrift, der ein m.a. kan lesa dette:

“I 1851 fekk Erik Hobberstad løyve til å driva landhandel og Gjestgiveri - og krambua hans var ei tid den einaste på Jæren utanom Sandnes og Tananger.

Krambua på Hobberstad, som no for lengst er riven, låg tett ved Postvegen. Det var store hus sjølv rekna etter vår tid. Storstova var så stor at borna på garden i seinare år lærde å sykla der. Til krambua på Hobberstad kom det folk både frå den nordre og søre luten av bygda og handla. Der kjøpte dei kaffi, tobakk, salt, parafin, rugmjøl o.a.. Men skulle det storhandlast og bytast i varer, eller dei skulle selja det dei hadde av smør, slakt, huder, skinn, strikkety og vev, så tok dei reiser til Sandnes eller Stavanger”.

For å få eit lite innblikk i koss det såg ut i sentrum av Varhaug før i tida, må me sjå litt i eit anna jubileumshefte, som varta laga i 1950 då Varhaug Meieri var 50 år.

Her finn ein m.a. følgjande: “Og korleis såg det ut i sjølve stasjonen? Det var helst noko audt. Stasjonsbygningen var eit av dei første husa som kom i 1878. På den tid dei bygde meieriet var det elles desse husa: Lengst sør, på Djupholen

stod huset hans Stompa-Gunnar. Dette huset var bygt av Sven på Figgjane, som selde til Gunnar då han flytte til Oslo. Stompa-Gunnar, som var bakar, var frå Ødegård. Det var 2 Gunnarar, den eine baka stomp og den andre pinna solar under skor, så vart det Pinna-Gunnar og Stompa-Gunnar.

Nordanfor kom det huset som Olaus Dubland bygde kring 1890 (Kydlandshuset). Så var det Ole Stavnheim sitt hus, som nyleg var bygt (Nå Anton Auestad). Stavnheim dreiv landhandel og bakeri. Deretter kom huset til Gamla Røyså (Litla-Karina), som endå står slik det var bygt. Nordanfor dette kom så huset hans Sivert på Dalen, som var bygt kring 1880, ei tid etter jernbanen kom. Sivert flytte då landhandelen sin (med bakhus) frå Dalen av Tjemsland til stasjonen. Dette var det første i bygda som vart ihopskor på Sandnes og sett opp på staden etterpå som plankelaft. Her i dette huset

ar



Dreiv den første meieris-tyraren, Eikaas, med handel ei tid. Sidan kjøpte Mikal Haugstad huset. Neste hus var det grøne huset mange endå hugsar, der O.M. Lode dreiv handel. Dette huset vart i si tid kjøpt av Varhaug Handelslag.....Dette huset var det siste på vestsida av vegen, når ein tek unna sjølv stasjonsbygningen som var ferdig i 1878.

På austsida var der ialt 3 hus, Pinna-Gunnar sitt.....Oskar Anda sitt hus med bakhus og Ole Dubland."

Det var altså 10 hus i stasjonen då meieriet vart bygt i 1900, og som der ser var det fleire som dreiv handel.

Då eg kom til Varhaug var det Bøen, Auesten og handelslaget, og nå er det

berre dei to siste att som Spar og Mega.

Ja, dette var litt frå bygda i gamle dagar, og dei som har levd ei stund kan nok kjenna

seg att

Sjolv tykkjer eg det er interessant å lesa om Varhaug i gamal tid, ikkje minst fordi eg bur på Hobberstad, der det var postkontor før det kom på Bryne og Sandnes, der den første banken i bygda var og den gamle krambua.

Eg seier takk til Svarre Varhaug, som fekk meg til å skriva dette.

Liv.

Plastinnsamling.

Svala 4 H har plastinnsamling på "Fellesen" lørdag 9. desember kl. 10.00-13.00.

Plastinnsamlinga gir 4H ei kjærkomen inntekt, så noter deg dagen og kom med den plasten du har liggande.

Julegåvetips!

Abonner

på Varhaugbuen!

Pr. 1.oktober hadde det kome inn kr. 13.500 og 2 abonnement (i Stavanger og Vigrestad).

Kunne eit abonnement til ein utflytta Varhaugbu - som kanskje har alt - vore noko å gitt i julegåve?

(Redaksjonen fekk inn tipset, og sender der her vidare)

Tenning av julegrana

Fredag 1. desember kl. 18.00 vert lysa tende. Det vert ei lita andakt og gang rundt treet med god hjelp av Varhaug Ungdomskor og Varhaug Skulemusikkorps.

Etterpå vert det julekos med sal av grøt, saft og gløgg i pakkhuset hos Mega.

Der vert det rigga til med bord og stoler, og salet tek Varhaug Idrettslag seg av. Gutteklubben til VIL vil og vera der og selja tre-produkta sine.

I tillegg vil nissen koma og dela ut kaker og mandarin til barna. Dei barna som ynskjer det, kan og få seg hesteskysk..

Arrangementet held på til butikkane stenger kl. 21.00.

(Ekstra gildt vert det i år med nye julelys i gata, det ser eg fram til!)

Liv

Varhaug sentrum

Stasjonsbyane på Jæren har viktige service-funksjonar for tilhøyrande bygder. Slik også her på Varhaug. Me Varhaugsbuar er både glade og stolte over "stasjonen" vår. I tillegg er me privilegerte ved å vera sentrum for Hå, den største landbrukskommunen i landet når det gjeld kyr og avlsvin,

- Men kva skjer framover?

Me veit at handel og nærbutikk er ein viktig del av sentrumsfunksjonen. Dei store varehusa, t.d. M44, Jærhagen, Kvadrat m.fl. konkurrerer også med oss, og kundane er mobile.

- Vil det gå hos oss som eg opplevde i Minnesota og Sør-Dakota for nokre år sidan? Små tettstader, omlag som Varhaug, tapte i kampen om kundane, og tidlegare handlegater såg ut

som spøkelsesbyar. Trelemmar var spikra utanpå butikkvindu.

- Skal me motverka slik utvikling, må me alle leggja godviljen til. - For me vil framleis vera glade i "stasjonen" vår og vera stolte av å vera Varhaugsbuar. Då er det viktig at kvar enkelt av oss handlar mest mogeleg på Varhaug, og at me også gjer det triveleg for utanbygds folk å handla hjå oss.

I tillegg er det viktig med "lokomotiv" i Varhaug sentrum. Handelslaget er eit av dei svært viktige lokomotiva. Som kjent arbeider Coop Varhaug med utbyggingsplanar. Det er nå truleg viktigare enn nokon gong å "skyta blink". "Bom" kan vera katastrofe for Varhaug Sentrum. Ein må gi seg tid nok til å "sikta". Målet er eit framtids-

retta bygg på lagleg tomt. Sjølv kan eg tenkja meg noko liknande det dei har fått til på Coop Nærbø og på Klepp med Jærhagen. Nytt Coop Varhaug bør truleg få parkering i kjellaren, butikk i 1. etasje, kafedrift, evt. kombinert med selskapslokale i 2. etasje, og så bueiningar i mange etasjar oppover.

Det er med stor sorg me registrerer at Bohus Stueland kan koma til å flytta frå oss. Ros til Ordføraren som tek initiativ til møte mellom Bohus og kommunen i denne samanheng, for Bohus er og eit "lokomotiv" me treng.

Til slutt vil eg ta med bladet Varhaugbuen som eit kanskje viktigare "lokomotiv" enn me er klar over. -

Helsing Eirik J.

Svolten?



*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER



Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

ÅPNINGSTIDER: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

Lensmannsløa

Det vart i notat 10.12.04 lovt kommunen 500 - 1000 dugnads-timar. Timeliste 2.05.05 - 28.09.06 syner 1937 dugnadstimar. I tillegg kjem noko administrativt arbeid. Av dei kr. 400 000 som kommunestyret løyvde den 21.04.2005 er det nå brukt omlag halvparten. Dugnadsdelen er dermed ferdig, dobbelt opp. - Men det står enno att ein god del arbeid før løa t.d. kan fungera som ein slags mini-hall for barnehagen.

Arbeid som er gjort:

1. Taket, som i utgangspunktet var eit stort problem p.g.a. lekkasje og takpanner som bles ned, er nå grundig reparert. Ein del årar og noko sutak er skifta. Sutaksplater + takpapp + impregnert strø og impregnerte lekter er lagt på heile taket, og omlag alle takpanner spikra. Det store, stygge eternitt-taket over siloen i aust er bytta ut med ein låg kvist (i samråd med pensjonert fylkesagronom i tekniske fag). Taket er dermed grundig reparert, og det er dermed ingen krisesituasjon lenger.
2. Det høge brystet på sør har fått ny, malt kledning og nye vindskeier. Likeså har noko av veggen på sør-aust fått ny, malt kledning. - Først er eksisterande spikerslag forster-

ka, noko av semsa er skifta, og nye 2" * 2" imp. spikerslag er påspikra. Det står att å fornya resten av veggene, samt nordre brystet, som blei litt skadd av branntillop i aug. 2006; likeså innvendig arbeid, t.d. reperasjon av låvegolv.

3. Stillas og resterande materiale og utstyr er lagra inne i løa, i samsvar med ønskje frå Eldar Ueland.

- Me har ikkje gjort noko arbeid i 1. etasje. Dette er og ein interessant del av løa med m.a. innreiing for hestar og mjølkekyr. Dei fleste av dei små vindusglasa (støypejern-vindu) er dessverre knuste. Konstruksjonen tek neppe skade av dette, men det tek seg ikkje godt ut.

Opplysningar frå Lisbeth Risa (Jærbladet 04.05.05) syner at løa har ein spennande historikk.

Me har hatt godt samarbeid med kommuneadministrasjon og politikarar.

Dugnadsarbeidet har vore gildt, og kanskje nokre av oss kan ta endå ein omgang med dugnad frå våren 2008, dersom kommunen ønskjer det. -

Med helsing
Eirik J. Varhaug

Årsmøte - Internatet

Dette skal vera i kantina til Fjord-kjøkken tysdag 5. desember kl. 19.30. Dei 4 eigarlaga har fått tilsendt innkalling m/årsmelding.

Frå redaksjonen

Nå går det mot advent, og det er på tide å tenkja på julekakene. Nå er det mange år sidan eg baka 7 sorter sjølv, men det er mykje godt å få kjøpt i butikken. Men det er ein sort eg alltid lager, og det er smørkranser. Då har eg Hans med meg til å dra kjøttkverna, etter at den store mixaren med kvern gjekk sundt. Me hadde og ein avlørsar frå Austlandet ei tid, som og var med på julebaksten ein gong. Det var meininga at han skulle gjera noko arbeid ute, men så var det så kaldt at det gjekk ikkje an. Eg spurde han i grunnen berre for løyve om han ville vera med å baka julekaker i staden. Svaret eg fekk på det var at han hadde hatt baking i 4H, så han lika godt slikt arbeid. Og dermed stod eg og avlørsaren på kjøkken og fekk unna julebaksten. Naboen, som hadde same avlørsaren, vart helst overgitt over meg som hadde sett han til slikt arbeid. Dette er det mange år sidan, men det er gilde minne som eg ofte tek fram.

Som lesarane vil sjå, så er det litt ekstra reklamesider denne gongen. Dette er gjort for at butikkane på Varhaug skal sleppa å senda ut ei eiga "lefse" med tilboda på.

Redaksjonen i Varhaugbuen vil takka alle for godt samarbeid i 2006. Er det stoff de meiner me bør skriva litt om, så vær greie å ta kontakt enten med undertekna, eller ein i styret.

Liv





Intervju med Olav Madland



En høstkveld var jeg hjemme hos Olav "Keegan" Madland for en drøs om hans engasjement i musikkgruppa Silo & Saft. Han sitter klar i sofaen med den bærbare pc-en oppslått på hjemmesiden: www.silosoft.no.

Navnet på gruppa forteller Olav at han ikke helt vet opprinnelsen til utenom at Dag Madland og Børre Bratland brukte det som en arbeidstittel, og siden er det bare blitt sånn. Dag og Børre startet bandet i en kjeller i slutten av 1999. Etter å gitt ut noen coverlåter på demo ble "Fysste-slått" gitt ut våren 2000 med godt og vel 100 kopierte cd-er.

Høsten 2001 spilte bandet i Saras telt i Oslo i forbindelse med cup-finalen mellom Bryne og Viking, med selvlaget Bryne sang. Nå var Olav og med som vokalist og bandets "scene-løgnas". Olav forteller om en kjem-

pekveld i teltet med ca. 500 galne jærbuier i Tigerstaden.

Gruppa har et nært forhold til Bryne FK. De har spilt på stadion før og i pausen på fotballkamper. Supporterklubben B-gjengen og klubben har de og spilt for i andre festlige anledninger. Seneste konsert var etter sesongen 2006. Vi treng ikke rippe opp i hvordan det gikk med Bryne i år.

Etter mange turer langs Jæren på ulike oppdrag, var det klart for ny plate med det fengende navnet "Langs 44". Nå var det mer profesjonelt over det og opplaget på 500 vart fort solgt. Opplaget endte på 800.

Etter en tid med gjestemedlemmer til å hjelpe bandet, kan Olav fortelle at i dag består Silo & Saft av

Børre Bratland, Olav Madland, Richard Madland, Otto Hustoft, Sven Arne Vestbø, Henning Aarnestad, Kårstein Bø og Ragnvald Wernøe

Henning, Richard, Olav og Børre i Suldal.

Bandet opptrer ofte med 3-6 av medlemmene. På spillejobber kan en bestille hele bandet eller bare 3 stk med kassegitar og sang. "Me æ ikkje så store ennå, så bare ta kontakt så bler me enige om prisen", sier en leende Olav.

På spørsmål hvilken sjanger gruppen spiller og hvem den passer for er

Olav munnraipp som vanlig. - Vise-rock og den passer for alle aldere og me synger på jærsk. Uaktuelt med engelsk for meg kommer det kontant på oppfølging om språk. Olav skryter over jærbuier som har distribuert musikken utover landet på vorspiel fra Alta i nord til Bergen i vest og Kristiansand i sør. På Lillestrøm har og noen fått øynene opp for bandet. Selv ble "Keegan" overasket over å se seg selv på en plakat i Telemark då han var på ferie.

Hvis du ønsker å høre på gruppen er det bare å klikke seg inn på hjemmesiden å høre. Inspirasjonene til tekstene kommer stort sett fra dagliglivet på Jæren sier Olav med stolthet. Han viser meg noen sanger som du til å med kan høre på www.nrk.urørt.no

Ungkarsfestivalen i Suldal var årets høydepunkt. og kanskje så langt den største suksessen for bandet. Bildene forteller om "goe gang og hæla i taje" Olav er ivrig når han viser meg bildene på hjemmesiden. Du må ha med noen av disse i bladet Jo. I tillegg var det veldig kjekt på Vise-festivalen i Egersund. Vi er nok på begge plassene neste år og, forteller en entusiastisk og ivrig Keegan.

Hele gjengen i gang med konserten på Unkarsfestivalen i år, og den tok av til de "himmelske høyder" som Pavlovic i 2001.

i Solo & Saft



Olav og bandet har fått stemningen i taket i Suldal under unkarsfestivalen.

I 2005 kom platen V.S.O.P ut med et opplag på 1000 plater. Her finner en sanger som "avløysar" og "naboen min han Finn". Gode tekster som en kan finne seg igjen på Jæren for noen og enhver.

Avslutningsvis snakket vi om bandet i dag og planene fremover. Olav har fått forespørsel om å skrive en sang til Nærbø håndball. Selv savner jeg en ny Varhaug sang for bygda. Varhaug idrettslag har 75 års jubileum i 2007.

Herved er utfordringen sendt!

Silo & Saft øver nå på "Grishuset på Ånest" og Olav vrir litt på seg når han skal forklare hvor mye de øver. –Rett og slett vanskelig å svara nøyaktig på det, men me øver en del før oppdrag. Så i snitt en gong i uka. I løpet av 2006 har bandet ca. 20 store og små oppdrag.

De har "ansatt" en manager som skal "ta tag i ting" for okke sier Olav. Det er på gang en samle cd med det beste fra bandet. Alt er på planleggingsstadium enda. Jeg har glømt å spørre om favorittsangene til fansen

og bandet. Det er ikke så vanskelig å komme med topp 3 sier Olav med et lurt smil

1. Skjævelandsbrunå
2. Aenslåtten.
3. Langs 44.

Andre sanger som jeg vil legge til er "Bratlandsånå", "Veret", "Kommunestyret" og så videre. Det er bare å ta en titt innom hjemmesiden å lytte til god jærsjk viserock.

Varhaugbuen venter i spenning på neste utgivelse, og fremtidige konserter med Silo & Saft.

Nærbø 12.11.06 Jo Ånestad



RØRLEGGER TEAM AS

4360 Varhaug. Tlf: 51 79 83 10 - Fax: 51 79 83 11

Julemøte

Varhaug bygdekvinnelag og Varhaug bondelag har julemøte på Lerbrekk tirsdag 12. november kl. 19.00.



Det er "Auest-krinsen" som har ansvaret for programmet, som vert slik:


- Sjur Håland fortel frå ei reise i Afrika.
- Sang av søskene Reime.
- Opplesing, allsang og juleevangeliet.

Som vanleg er maten risengrøt og lefse, kaffi og småkaker.-
Alle velkomne, både kone og mann!

R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Me har kun
egenproduserte
norske kjøttvarer!

Tilbuda gjeld
28/11 til 2/12

Spedd kjøttdeig
pr kg **69,-**

Kyllingfilet
pr kg **145,-**

Medisterkaker
pr kg **89,-**

Bacon
pr kg - i stk **89,-**

Rullepølse
pr kg **125,-**

Kjøttpølse
pr kg **55,-**

**Årets pinnekjøtt og
fenalar er klart KJØP NÅ!**

Varme grillbein og pannekaker kvar fredag!
Komle - heimelaga type
"Gyros" - marinert terna svin
Koldtbord og smørbrød
Kjøttkaker i saus

Hjå Siri og Jon Lea



Dei fleste kjenner vel til at Hå kommune er den kommunen i Norge som har flest kyr, griser og høns. Men det er kanskje ikkje så mange av dykk som kjenner til "Jærstut". Det var i alle fall framant for meg. Siri og Jon tok over garden på Skrettingland i 2002, og dei driv med ku, høns og stut, saman med barna Ingfrid 14, Gøril 12 og Jonas 7 år. Dei hadde fast dreng 1 år, og det passa godt i ein travel byggeperiode. Nå klarar dei seg sjølv, men har avløysar 2. kvar helg; 2 unge jenter og ein gut. Jærstut vart første gong presentert under Glad-mat festivalen i 2005 etter initiativ frå Felleskjøpet. Men konseptet var deira eige, og Siri fortel at etter "Gladmaten" har det berre badla på seg bl.a. med ei flott stand på Vinmessa på Jærmusèet nå i haust

og ikkje minst sjå Gourmetklubben. Siri og Jon har skaffa seg ein flott brosjyre, der ein m.a. kan lese desse: "Smakfull nyhet av ekte jærske kvalitet! Jærstuten lever det gode liv. Jærstut produseres hos Siri og Jon Lea på Varhaug. For dyrene er det nesten som å gå ute under Jærhimmelen. Stor høyde under taket gir naturlig lys som følger døgnrytmen og gjør vinteren mer trivelig. God lufting er også med å gi en harmonisk atmosfære og rolige dyr. Jærstuten spiser hva Jæren har å tilby - fra sjø til hei - med surfor, gras, halm og myse som viktige ingredienser. Dette får dyra i tillegg til Formel Biff- et eget kraftfor produsert av Felleskjøpet og tilpasset produksjon av storfekjøtt. Slakteriet til Gilde Norsk Kjøtt i Egersund, Nord Europas mest moderne, garanterer mørt kjøtt. Etter skjæring på



en meget avansert skjærelinje, modnes biffen på Norges mest moderne bifflaget. Kan det bli bedre?..... Kjøttet av ekte jærske kvalitet er nå tilgjengelig i noen utvalgte matbutikker og restauranter i Stavanger, Sandnes og på Jæren. Vel bekomme" Nå veit eg altså kva eg skal sjå etter i butikkane neste gong eg får lyst på ein god biff. Eg seier takk til Siri og Jon for god informasjon, godt drøs og kaffe med delfiakake, og går over til det som først var meininga med besøket mitt på Skrettingland IFYE'n. Det er godt å slå 2 fluer i ein smekk!

Liv

*Dynt opp
til jul!*

*Det store utvalget
finnes hos oss*



Bohus
www.bohus.no • tlf. 51 43 87 00

STUELAND PÅ VARHAUG

**MAND-FRED
10.00-19.00
LØRDAG
10.00-14.00**

Skulefrokost

Det er tradisjon at bondelaget serverar frokost til elevane på barne- og ungdomsskulen ein gong i året. Tysdag og onsdag i veke 46 var dagane i år, og underteikna fekk vera med på barneskulen tysdag.

Me serverte ferskt kneipbrød frå handelslaget med smør, ost og kjøtpålegg + melk å drikke. (personleg kunne eg tenkt meg anna melk enn denne lett-lett typen).

Det var ingen ting å seia på matlysta på nokre av dei 3 bordsetningane, og ungane var flinke til å rydda vekk eingongsserviset etter seg. Godt og vel 50 brød gjekk med, og ungane sa dei hadde aldri smakt betre skjeva. Men så smaker jo maten alltid best når ein kan nyta den saman med andre. Liv



Novembermøtet

til bygdekvinnelaget vert torsdag den 30. kl. 19.30 på Eldresenteret.

Då skal me laga dør- og adventskrans.

Har de grønt, tek de dette med. Viss ikkje skal de få på møtet. Så kan de kjøpa pynt o.a. av Brit frå Lotus, som og vil hjelpa/læra deg å laga ein fin krans.

Elles skal me ha ei hyggeleg matøkt med m.a. åresal.

Alle velkomne.

Strikke-kafè

Dette har vore eit populært tiltak i Mega-kafèen, som bygdekvinnelaget vil fortsetja med på nyåret.

Første gong er mandag 8. januar kl. 16.30-19.00.

Kom og vær med oss i eit triveleg miljø. Kaffi og litt å bita i.

Hyadom-sjukehuset

Valborg Kjølvik sender ein takk til alle som har levert inn sengkleda til sjukehuset. For tida tek dei ikkje imot meir, men ho tek kontakt med Varhaugbuen så snart dei får på plass ein ny container.




IFYE - et vindu til verden

For dei som ikkje veit så mykje om kva IFYE står for, tek eg med litt frå ein brosjyre: "Norge har IFYE-utbeksling til mange land, for eksempel Costa Rica, Sveits, Taiwan og Australia.....Det er flere måter å se på andre kulturer på. En kan tenke at slik vi har det "her hjemme" er det riktige, det beste. Eller en kan forklare og rettferdiggjøre alt de gjør i andre land ut fra deres eget kulturelle ståsted. Eller noe midt i mellom. Alt som skjer i verden er jo ikke riktig, det har vi sett i form av kriger, fattigdom, vold og annen urett. Men et steg i riktig retning er å bli kjent med andre kulturer og respektere dem, men ikke nødvendigvis akseptere alt som skjer..... Også det å ta imot IFYE'r her i Norge, enten du er vertsfamilie, eller møter en IFYE i en annen sammenheng, er en lærerik og fin måte å bli kjent med en annen kultur på".

Når du er IFYE får du sjå eit land frå innsida. Du bur i vertsfamiliar. Du er ein god ambassadør for Norge. Du vert kjent med 4H organisasjonar eller lignande bygdeungdomsorganisasjonar i andre land. Du får læra meir av eit spesialemne du sjølv vel. Du får utvikla deg sjølv. Du får venner frå heile verda. Du lære språk. Du oppleve ein annan kultur, og ikkje minst du får reisa.

Er det nokon frå Varhaug, som har vore IFYE, så hadde vore gildt om dei tok kontakt med Varhaugbuen, slik at me kan skriva om dei i eit seinare blad

red.



Høgt heng dei, og sure er dei . . .

Slik stod det på framsida i sist blad med biletet av rognebæra. Ein av lesarane tenkte at her var det nok med ei oppskrift på eit eller anna av rognebær. Ho hadde leita i bladet både opp og ned utan å finna noko. Nå har eg funne fram Sarah Dekke's kokebok frå 1943, der det er fleire oppskrifter med rognebær.

Her kjem ei av dei:

"Rognebær i vann:

Bærene renses fra stilken og legges tett på sterile flasker. Kokt, kaldt vann helles over. Flaskene må være helt fulle. Korkes. Bærene kan senere kokes sammen med epler til syltetøy. Vannet de har ligget i er friskt og vitaminrikt og må nyttes."

Dette var ei av oppskriftene. Trengs fleire er det berrre å ta kontakt. Nå er det jo over med rognebærtida for iår, så kanskje eg må huska på å ta med nokre til neste år.

Liv.

Fleirkulturell kvinnegruppe

Guri Skrettingland m.fl. har sett i gang ei fleirkulturell kvinnegruppe på Varhaug. Dei har hatt samling på Varhaug bu- og velferdssenter både i oktober og november.

Her møter det opp kvinner frå mange ulike land, i alle aldrer, med ulike kulturar og religion. Her får dei praktisera den norsken dei har lært seg, og kanskje verta betre, og dei får og eit felleskap med andre kvinner. Det har vel omtrent vore like mange norske som utanlandske.

Dette er eit ganske uformelt treff, der ein legg vekt på det sosiale, og der ein kosar seg med drøs og litt å bita i. Neste treff er tysdag 5. desember kl. 19.00.

Tykkjer du dette er noko for deg, enten du er norsk eller ikkje, så møt opp. Du kjem garantert ikkje til å trega på frammøtet.

IFYE - Internasjonal 4H Youth Exchange



Venner for livet - Ingfrid og Claudia

IFYE - Internasjonal 4H Youth Exchange - et utvekslingsprogram som gir deg en lærerik opplevelse for livet!

Då eg var med på skulefrokosten, møtte eg ei ung framand jente. Eg spurde kor ho kom frå, og om ho arbeidde på skulen. Eg trudde ho var flyktning, og hadde fått seg praksisplass på skulen.

Nei, ho var frå Costa Rica, var 4H utveking - ein IFYE- og budde sjå Lea-familien. Eg fortalde at eg heldt på med Varhaugbuen, og spurde om ho kunne skrive litt om seg sjølv. "Du kan godt skriva på engelsk, så skal eg

oversetja det" sa eg til henne. Men nei då, ho ville skriva på norsk..

Då eg kom opp til Skrettingland, skulle dei nett eta middag. Eg snakka litt med Ingfrid under maten. Ho er styremedlem i Svala 4H, der ho hadde fått eit brev frå Rogaland 4H der dei søkte etter vertsfamilie for IFYE'r. Og slik kom altså Claudia til Lea'n, og vart ein del av deira familie for 3 veker. At ho kom frå eit spansktalande land, var midt i blinken for Ingfrid, som har spansk som valfag på skulen. Ho fortal at ho har lært veldig mykje desse vekene, og eg fekk og høyra ho og Claudia snakka saman på spansk.

Siri hadde laga delfiakake- saman med Claudia -, som vart spretta til kaffien. Sidan Claudia skulle reisa frå dei før jul, måtte ho få læra noko av den vanlege norske julebaksten. Ho hadde og skrive ned oppskrifta, slik at ho kan laga denne når ho kjem heim til Costa Rica. Dei hadde laga

2 store delfiakaker, og den eine skulle Claudia få med seg når ho reiste. (Kaka var forresten kjempegod, og den minna meg på at nå var det snart advent).

Claudia som er 24 år har bachelor grad som marinbiolog. Når ho nå kjem tilbake til Costa Rica, skal ho studera vidare for å få Master grad.

Når dette bladet kjem ut, er ho reist frå Varhaug til Oslo. Der skulle ho møte andre IFYE'r, som har vore rundt i Norge. Dei skulle så eta julemiddag saman før dei reiste til sine respektive heimland. Eg lova å senda Varhaugbuen til henne. Ho fekk og ein mailadresse, så kanskje kjem det ei helsing til bladet ein annan gong og.

Når det gjeld 4H eller 4S som det er på spansk, så står dei 4 essane for helse, kunnskap, følelse og service. Det vert omtrent det same som hos oss; helse, hode, hjerte og hender. I Costa Rica har dei ikke oppgaver som må løysast slik som her, men dei brukar tida si i 4H til ymse hjelpearbeid, m.a. med å samla inn pengar til sjukehus o.l.

Som de vil sjå av det ho har skrive, så har ho fått mykje med seg desse 6 månadane i Norge. Det som imponerte meg mest var kor mykje norsk ho hadde lært, ikkje minst det å kunna uttrykka seg skriftleg

Men Ingfrid og Claudia skulle i fjor set og molka - Siri og Jon hadde gått ut til høner og oksar for ei god stund sidan - så eg måtte berre takka for meg og ynskja begge lukke til vidare i livet, og ikkje minst med 4H arbeidet.

Sjølv om Claudia nok lengta litt heim, etter å ha vore i Norge i 6 månader, kunne ho godt tenkt seg å vore på Varhaug lenger. Det hadde vore gilte veker saman med familien Lea.

Liv

IFYE fra Costa Rica

Jeg heter Claudia, jeg er IFYE i program 4H i Costa Rica (mellom Amerika). Mitt besøk har vært i seks måned her i Norge, første tre måned jeg var i Sogn og Fjordane. Neste tre måned i Rogaland (i Sola, Mosterøy og Varhaug).

Med hver familie jeg har delte forskjell aktivitet. For eksempel 4H samlings, høstfest, gå på skole (spansk kurs), hjelp i gard og sy (lue, sokks, skjerf og genser at jeg har lært her i Norge). Men også jeg har delte informasjon om min familie i Costa Rica med dem, våre vane.

Jeg har gjort typisk mat fra mitt land også. Jeg har funnet forskjell type mat i sammenligning med landet mitt.

Her i Norge brød, ost og potet er uunnværlig! I Costa Rica vi eta vanligvis ris og bønner hver dag. I Norge jeg har smakte typisk mat som saltkjøtt, raspeball, fiskekake, rømmegrout, risgrout, kumle og krabbe.

Jeg lære å danse to typisk dans av Norge: Reilendar og Polka. Noe at jeg ikke innbille meg før av komme her, jeg nyte og le mange!

Norsk språket har vært en av utfordringene mi, jeg tror at kanskje den vanskeligst. Mangle meg mye på å lære norsk, det er språk veldig vid, spesiell fordi har to dialekts: Bokmål og Nynorsk.

Som IFYE jeg følte meg veldig stolt og glad av integrere meg i aktivitet med min familie hverdag. Jeg tror å

lære normal livet i hver familie i Norge, kanskje den er fundamentalest i denne utvekslingsprogram 4H.

I Costa Rica program 4H er 4S (i spansk er Sentimientos, Salud, Saber y Servicio).

I Costa Rica, vinter er ikke så kald som her, vanligvis det regne på vinter, sterk vinda og temperaturen minke på 17 varmegrader (og på oss er veldig kald!!!).

Endelig, jeg også har funnet som forskjell vanligvis mellom Costa Rica og Norge, for eksempel religionen (majoritet vi er katolsk), mat, språket (vi snakke spansk), hær (Costa Rica ikke har hær), klimaet (Costa Rica ikke har høst og vår, også vi ikke har snø).

Sidan Claudia ikkje hadde sett snø, tok eg eit snobilete på framsida - Liv



Mester

TOMTEUTVIKLING AS

Tlf 977 67 010

**MesterBygg
Jæren AS**

NettBygg AS

**Skrettingland
& Lobekk AS**

**Jon Harald
Håland AS**



MESTERHUS

Vårt mål er å sikre fremtidige oppdrag ved å få hand om og utvikle større og mindre tomteområder, og dermed kunne tilby boligkjøpere et variert boligtilbud, samt å sikre arbeidsplassene for våre ansatte og våre lokale underleverandører.

Har du område med tomtepotensiale er vi interessert i kontakt med deg. Sammen kan vi vurdere mulighetene. Vi har kompetanse på regulering og annen nødvendig kontakt med offentlige myndigheter.

Då Gudrun og Sverre var på slottet hos kongen



Gudrun Husveg, eller Gudrun te' Reidar, som dei fleste seier, og Sverre Aanestad på Kydland fekk tidlegare i haust Kongens fortenestemedalje i sølv. Denne fekk dei på grunn av det store arbeidet dei hadde lagt ned i søndagsskulearbeidet på Au'est.

Gudrun er født på Håland for 67 år sidan, og ho gjekk som barn på Auestad skule. Saman med Reidar har ho 6 barn, 2 gutter og 4 jenter. Dei har og 15 barnebarn. Som ikkje dette var nok for ei travel gardakone, har ho hatt 11 fosterbarn opp gjennom åra, av desse 3 fast. Den siste, Stein, hadde ho frå han var 3 år og til han døyde som 26 åring i 2004.

Då Gudrun var ferdig på Solborg i 57, vart ho spurd om å vera med i søndagsskulearbeidet, som då var i gang på Auestad skule. Der har ho seinare vore, bortsett frå dei 2 åra ho og Reidar budde i Lyngdal som nygifte

Sverre er 75 år, og har og gått både på skule og søndagsskule på Auestad. Han er gift med Torunn, og saman har dei 4 barn, 1 gutt og 3 jenter. Han har 11 barnebarn.

Gudrun og Sverre har søndagsskulen 2. eller 3. kvar søndag. Dei driv på den gamaldagse måten med alle i ei stove, og der kjem små og store i tillegg til foreldre og besteforeldre.

Dei fortel at dei har det veldig gildt saman med barna, og det har gitt dei begge to veldig mykje

5. oktober hadde søndagsskulen på Aue'st 50 års jubileumsfest på Misjons- huset med over 260 gjester. Der var og ordføraren, som stod for utdelinga av medaljane til Gudrun og Sverre.

Seinare vart det tur til Oslo og slottet. Gudrun fortel at ho var mykje meir nervøs på festen på Varhaug enn ho var då ho møtte Kongen. Der fekk dei eit minne for livet med omvisning på slottet og "drøs" med Kongen. Då Gudrun sa kor dei kom frå, svarte Kongen at han hadde vore på Kongevegen så han visste godt kor Hå var. Gudrun takka kongen for at dei fekk ha søndagsskule og driva med forkynning for dei små. Det er ikkje alle stader det er ein selvfølge.

--

Varhaugbuen har to Sverre'r som varamenn til styret. Begge desse har vore opptekne av, og vore drivkrafta bak, Lerbrekk og Auestad skule.

Ved sida av arbeidet i søndagsskulen har Sverre Aanestad og hatt ansvaret med huset. Han har vore kontaktperson med kommunen, og han har fått tak i dugnadsfolk til arbeidet som er gjort. Skulehuset har fått nye vindu, nytt tak og ny kledning, og Auestadskrinser har fått eit fint lite grendahus, som i tillegg til søndagsskule, vert brukt til basarar o.l.

Varhaugbuen vil her senda ein stor TAKK til Gudrun og Sverre for det arbeidet dei har gjort for søndagsskulen, gratulera dei med fortenestemedaljen og ynskja dei lukke til med arbeidet vidare. Me reknar ikkje med at dei "pensjonerar" seg frå den jobben endå.

Varhaug bondelag



Årsmøte vart halde på Holmavatn mandag 2.10.06. Leiar Peter Vagle yngste alle velkomne. Det møtte 25 stemmeberettigta medlemmar. Varhaug bondelag har 282 medlemmar pr. 15/9, 7 færre enn i 2005.

Diskusjon kring årsmeldinga.

- Bondelaget fekk skryt for brosjyren.
- Spørsmål om sprøytekurs: Lillian Skretting reiser ut og arrangerer for bondelaget lokalt.
- Bondelaget vart oppmoda til å arrangera turar.
- Pengar som kjem inn på jerninnsamlinga skal verta nytta på medlemmane.
- Heimesida vart kommentert, skal den slettast eller oppdaterast?
- Bondefesten er sakna.

Jone Bryne orienterte om internatet. Fjorland skal auke produksjonen og vil utvide mot vest.

Arna Høyland, leiar i Rogaland bondelag, snakka om det nye kontingentsystemet til bondelaget. Ho kommenterte situasjonen kring overpro-

duksjonen av svinekjøt. Ho var positiv til årsmeldinga til Varhaug bondelag, noko ho la vekt på var skulefrukosten. Andre ting var studiegruppene før jordbruksforhandlingane 2007, og at jerninnsamlinga fungerte så godt.

Peter Vagle, Kennet Ueland og Ingunn Helene Reiestad fekk "vibå" som takk for innsatsen i styret. Er det nokre saker de ynskjer å ta opp med bondelaget, ta kontakt med ein av medlemmane i styret.

Peter Vagle gav klubba vidare til Ole Andreas Aarsland.

Nytt styre.

- Formann: Ole Andreas Aarsland
Nestformann: Jon Lea
Kasserar: Tron Stokkeland
Sekretær: Sigmund Ueland
Skulekontakt: Håkon Varhaug
Studieleiar: Odd-Arild Varhaug
1.Varamedlem: Kristin Skrettingland Haarr
2.Varamedlem: Oddvar Ueland
3.Varamedlem: Tommy Skretting

ørllite framfor Ole Andreas og dei to Vigrestadgutane Magne og Martin.

Utpå våren neste år vert det lagmesterskap for skular, og då håper me å kunne ha med 2 firemannslag, slik som i år..

Sjakk for vaksne? Då er det berre å reisa til Bryne, der Jæren sjakkklubb spelar torsdagar frå kl 1900 til 2200. Spelestad: Frivillighetssentralen i rom i 3. etasje i M44. Her er alle velkomne, og det vil vera folk frå Klepp, Time, Gjesdal og Hå som er med der..

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Styret i Varhaug bygdekvinnelag

Leiar	Aud Håland
Nestleiar	Mariann Vetrhus
Sekretær	Astrid Varhaug
Kasserar	Kjellaug Aa.
Varhaug	
Styremedlem	Britt Skretting
Studieleiar	Liv Hobberstad
Varamedlemar	Björg Reime
	Håland, Olaus
	Madland og
	Reidun Aanestad.

Det var enkelt for valkomiteen i år. Alle tok attval. Britt rykka opp til styremedlem, så fekk me ny vara i Björg og snudde litt om på varaplassane slik dei ville ha det.

Møteplan for dei første månadane i 2007:

- Torsdag 25. januar kl. 1930 samlast me på Lerbrekk skule. Programmet er ikkje heilt klart.
- Torsdag 22. februar kl. 1915 skal me besøka glassblåsar-studiøt v/Vigrekrossen. Me fyller opp bilane v/Fjordkjøkken. Enten tek me med noko å bita i, eller me går ut og et.
- Torsdag 15. mars kl. 19.00 har laga i Time, Klepp og Hå felles møte - sonemøte for bondekvinnelaga - på Misjonshuset. Møta er åpne for alle, og de treng ikkje vera medlem for å vera i lag med oss.

For styret: Aud

Sjakk på Varhaug

No er skulesjakken i god gang i bomberommet på Varhaug skule. Sist skuleår var det med 20-30 gutar. Men ingen jenter spelte fast. I haust har det vore med 8-12 gutar, 4 frå Vigrestad og 1 frå Nærbø.

Sundag 19. november vil ein del av medlemmane delta på BGP turnering hos Lye skulesjakklag. (BGP=Barnas Grand Prix). Skal koma attende med reportasje i neste nummer av Varhaugbuen

Speletid er kvar tysdag kl 1715-1830. Dette sjakktilbodet gjeld elevar ved barneskule og ungdomsskule.

I haust har me hatt ei barometerturering. Her vann Sverre frå Nærbø



Nytt frå Misjonshuset

Neste storsamling for heile familien vert søndag 4. februar. Desse samlingane vert kalla "på kross og tvers" og startar kl 1800. Ungane i ulike aldrar vert fargekoda og har tilpassa opplegg for aldersgruppa, medan vaksne i dei fleste aldrar har foredrag i møtesalen. Og etterpå er det kveldsmat! Kom og sjå kor kjekt det er! Ein kan finna bilete frå "kross og tvers" på Misjonshuset si internettside, www.varhaug-misjonhus.no



Men hugs, før jul har me "Vi synger jula inn" 17. desember der alle kora på Misjonshuset tek del saman med skulekorpset. Ei skikkeleg storsamling i adventstida.

For dei som vil handla juleting, er det to julemesser, Misjonssambandet si messe fredag-lørdag 17-18 november og Misjonsselskapet si messe 1-2 desember.

Det er svært mykje som foregår i regi av Misjonshuset. I neste nummer av Varhaugbuen vil me presentera "Tennpluggen", ei gruppe for motorglade gitar. Dei samlast annankvar torsdag, og driv mykje med trial. (Motorsyklar for terrengkjøring).

Elles er det ulike gute og jentelag og speidar og søndagsskule. Og kor for store og kor for små.

Og me har eit svært aktivt ungdomslag. Dei samlast om laurdagskveldane..

På Fredagskveldane er det FRES for tenåringer og Ope hus for ungdom.

Spe- og småbarn med mødre samlast tysdag formiddag.

Og for godt vaksne er det "Vi over 60" treff to gong i månaden på onsdag føremiddag.

Kvart år er det over 700 ulike arrangement på Misjonshuset, vedlikehald, reinhald og drift vert gjort på dugnadsbasis!

Ha ei god jul

Med helsing, Per-Arvid

SPAR



VARHAUG

TLF :51430136 • FAKS: 51430019

EPOST: SPAR.VARHAUG@NGBUTIKK.NET



Bakevare frå Roxman,
tilbud fredag og lørdag:

Smultring
i laust pr stk

1⁵⁰

Julegavetips!
Matvarer pakket i
flott juletime!

Ferske reker

frå Sirevåg,
pr. kg. verforbehold

69⁹⁰

Brus frå Berentsen.

Julebrus 0,33l.
pr. flaske + pant

2⁹⁰

Godt utvalg
i julekaker

Ananas

pr. stk.

9⁹⁰

Klementiner

1 kg. nett

6⁹⁰

Kaker frå Roxman
til einkvar
anledning

Julekaffi

evergood
pr. Pose (250 gr)

12⁹⁰

Me leverer opp-
skåret frukt og
grønnsaker



Nyhet!
Lokalprodusert

Gourmet iskrem

pr ltr

49⁹⁰

coop

Varhaug ba

Coop Varhaug Ba
Stasjonsvegen 24
4360 Varhaug
Tlf 51 79 94 40

Åpningstider:
kl 09.00- 21.00 (18.00)

Vi tar forbehold om utsolgt og trykkfeil

Velkommen til hyggelig julehandel

Tilbuda gjelder frå tors.
30. nov. til lør. 2. des.



**BOSCH
KOMBISKAP**

KG36X00FF no frost, hvitt

kr **5990,-**



**ELECTROLUX
KOMBISKAP**

ERB3023X stål

kr **5990,-**

RESTETORG
ass. varer fra spesialvaren
-50-70%

**Alle barneklær
-20%**

**Alle leker
-20%**



Kjeledresser
rester, ungdom
før kr 699,-..... **249,-**

Verktøysett
Home work **99,-**

Ved
pr sekk..... **39⁹⁰**

Nissefigurer
Stort utvalg fra..... **9⁹⁰**

Fat
m/julemotiv **119,-**

Stettfat
m/julemotiv **99,-**

Dekketallerken
pr stk sølv, rød og sort **25,-**



Gilde
KJØTTDEIG
400 gr **19⁹⁰**



SMÅGODT
pr hg **6⁹⁰**



Tine
GRÅDDOST
380 gr **19⁹⁰**

FRA EGET BAKERI

JULEGEIT
4 STK **12⁹⁰**

**Kaféen har åpent til
kl. 21.00 på fredag**

KAFÉ

RISKREM
med rød saus **25,-**

VILTGRYTE potetmos
gulrøtter, rosenkål
med tyttebærsylt **75,-**

KAFFE
og kakestykke **30,-**

**KRANSEKAKE-
SNADDER**



29⁹⁰